



Likelydande e-post til:

Fylkeskommunane ved fylkesordførarar/fylkesrådsleiarar
Oslo kommune ved byrådsleiaren
Kommunenenes Sentralforbund
Den nasjonale skredsikringsgruppe

HORDALAND FYLKESKOMMUNE	
Samferdselskomiteen	
Arkivnr. 200402203	Dok.nr. 2
12 MARS 2004	
Arkivnr. OS3	Saksh. PNIL
Eksp.	
U.off.	

Stortingets samferdselskomité og Nasjonal transportplan

Invitasjon til høringsmøte i samferdselskomiteen våren 2004 i samband med behandling stortingsmelding om Nasjonal transportplan 2006-2015

Samferdselskomiteen viser til at Regjeringa har varsla ei stortingsmelding om "Nasjonal transportplan 2006-2015" i nær framtid. I samband med behandlinga planlegg samferdselskomiteen å opne for høringsmøte på vanleg måte så snart meldinga er referert i Stortinget og sendt komiteen.

Komiteen vil invitere til høringsmøte slik det går fram av planen nedanfor. Alle høringane vil vere opne i samsvar med Stortingets forretningsorden.

Det er viktig at tidspunkta i opplegget blir tatt til følgje. Komiteen vil gjennomføre eit omfattande høringsopplegg i tillegg til instansane i dette brevet. Alternativ til høringsmøte vil vere skriftleg innspel til komiteen. Komiteen viser elles til grundige presentasjonar om utfordringane i samtlege fylke i samband med fylkesreiser dei to siste åra.

Tysdag 30. mars: (Møterom 202; Nedre Vollgate 20)

kl. 15.15-15.45	Nordland fylkeskommune
kl. 15.45-16.15	Troms fylkeskommune
kl. 16.15-16.45	Finnmark fylkeskommune
kl. 16.50-17.20	Sør-Trøndelag fylkeskommune
kl. 17.20-17.50	Nord-Trøndelag fylkeskommune

Onsdag 31. mars: (Møterom 202; Nedre Vollgate 20)

kl. 11.15-11.45	Buskerud fylkeskommune
kl. 11.45-12.15	Vestfold fylkeskommune
kl. 12.15-12.45	Telemark fylkeskommune
(pause)	
kl. 13.15-13.45	Aust-Agder fylkeskommune
kl. 13.45-14.15	Vest-Agder fylkeskommune
kl. 14.15-14.35	Kommunenenes sentralforbund

Måndag 3. mai: Møterom 202; Nedre Vollgate 20)

kl. 13.00-13.30	Østfold fylkeskommune
kl. 13.30-14.00	Akershus fylkeskommune
kl. 14.00-14.30	Oslo kommune/byrådet
(kort pause)	
kl. 14.40-15.10	Hedmark fylkeskommune
kl. 15.10-15.40	Oppland fylkeskommune
kl. 15.40-16.10	Rogaland fylkeskommune
(pause)	
kl. 16.50-17.20	Hordaland fylkeskommune
kl. 17.20-17.50	Sogn og Fjordane fylkeskommune
kl. 17.50-18.20	Møre og Romsdal fylkeskommune
kl. 18.20-18.50	Den nasjonale skredsikringsgruppe

Ramme for møta:

* Avsett tid kan disponerast etter eige ønskje, men det bør setjast av noe tid på slutten av møtet til spørsmål frå komiteen.

* Det gis høve å ta med representant(ar) frå kommunar, regionar/landsdelsutval/-transportforum på tvers av fylke m.v. for kort presentasjon av enkeltsaker innfor avsett tid. Til førespurnader om høringmøte frå slike instansar vil komiteen vise til fylkeskommunane og Oslo kommunen sitt møte.

* *Om fylkeskommunar (til dømes landsdelsvis) finn å nytte tildelt høringstid til eit møte saman, gis det høve til dette innan tildelt høringstid.*

Dokumentasjon

Korte problemnotat kan gjerne leggjast att i møtet.

Møtestad i Stortinget

* Høringmøta finn stad i Stortingets konferansesenter (høringsrom 202), og deltakarane blir bedne om å møte i **resepsjonen i Nedre Vollgate 20.**

Tilbakemelding/Oppfølging

Det er ønskjeleg med tilbakemelding **innan onsdag 17. mars** med stadfesting av møtetidspunkt. Namn på deltakarar kan sendast inn fortløpande, men helst seinast ei veke før høringmøtet.

* *Tilbakemelding til:*

Komitetjenesten ved førstekonsulent **Solvor Bäcklund;**

solvor.backlund@stortinget.no; Telefon: 23 31 37 48, telefaks: 23 31 38 47

Spørsmål kan elles rettast til: Komitesekretær Tore Dag Lien.

Telefon: 23 31 31 20, Telefaks: 23 31 38 47; Tore-Dag.Lien@stortinget.no

Oslo, i samferdselskomiteen, den 10. mars 2004.

Med helsing

Tore Dag Lien, komitesekretær